

Programevaluering

Manusutvikling for seriar (MASV-MAN)

2017-2023

Evalueringa følger Universitetet i Bergens mal for programevalueringar.

Krav til studietilbudet i UiBs system for kvalitetssikring av utdanningane

Opptakskrav og opptakstal

Masterprogrammet i manusutvikling for seriar vart lansert i samband med opninga av Media City Bergen (MCB) hausten 2017, det samme semesteret som det nye bachelorprogrammet i TV-produksjon (BASV-TVP) hadde oppstart. Institutt for informasjons- og medievitenskap hadde på det tidspunktet lenge hatt ein bachelor i Film- og TV-produksjon, og fagmiljøet knytt til studiet hadde gjort undersøkingar i bransjen om kva slags spisskompetanse ein etterspurde når ein i samband med relokalisering til MCB ønskte å opprette eit nytt masterprogram. Tilbakemeldingane tyda på at ein grad i manusutvikling var vegen å gå.


Dei som vel å studere på masterprogrammet i manusutvikling for seriar lærer korleis ein utviklar og gjennomfører prosjekt i ei rekkje sjangrar, og tilbyr såleis ein kompetanse som ikkje berre er av stor interesse for forfattarar, men også produsentar, og også aktørar i andre fagfunksjonar i film- og tv-bransjen. Det tek tid å etablere eit studium og gjere det kjend nasjonalt, og med unntak av ein flat periode under pandemien, har søkjartala auka jamnt og trutt, med eit hopp i siste opptak, då programmet hadde den tredje største auken på søkjarar ved masterprogramma ved SV-fakultetet. Vi har frå og med andre opptaket operert med ein kvotebasert søknadsprosess, der søkjarar kan leggje ved motivasjonsbrev og arbeidsprøver, og bli vurdert etter kvalitetane i dette materialet under opptaket, i tillegg til karakterar og vitnemål. Studiet har gjennomgåande høgt motiverte studentar som siktar seg ut akkurat denne utdanninga, og vel den som første prioritet (fig. 1). Talet på studentar er jamnt og stabilt, med eit kontrollert opptak innretta mot 12/10 studieplassar, i tråd med ønsket om å ta vare på og sikre kvaliteten som gir studiet eit godt renommé (fig. 2).

Søker- og studenttall

Søking og opptak

Studieprogram	Årstall	Termin	Studieplasser	1.prioritet	1. pri søker per studieplass	Fått tilbud	Svart ja	Registrert	Andel registrert av tilbud
MASV-MAN	2018	HØST	12	20	1.7	13	9	9	69.2%
Masterprogram	2019	HØST	12	15	1.3	11	11	10	90.9%
i manusutvikling	2020	HØST	12	31	2.6	20	13	12	60.0%
for serier	2021	HØST	12	32	2.7	11	8	6	54.5%
	2022	HØST	10	35	3.5	15	14	11	73.3%
	2023	HØST	10	51	5.1	17	13	12	70.6%

Fig. 1. Søkjar- og studenttal, MASV-MAN, 2018-2023.



Kilde: DBH Opptatte studenter (f.o.m. 2008)

Fig 2. "Resultater innen utdanningsfeltet," rapportert til DBH våren 2023, SV-fakultetet

Gjennomføring, fråfall og kandidatproduksjon

Gjennomføringa på studiet må seiast å vere svært god. Sidan oppstart i 2017, har sju kull begynt på studiet, inkludert dei som tok til hausten 2023, og av dei til saman 65 studentane som har begynt på studiet, er det berre 1 som har falle frå og slutta. Dette skjedde under pandemien. 7 av studentane har trengt eit eller to semester ekstra, og 4 av desse av pandemirelaterte årsaker (etter søknad). Dette er reflektert i statistikken, som viser at studiet i 2022 var det med høgast tal på studiepoeng per student (64,29) mellom SV-fakultetets masterprogram (fig. 3). I 2022 hadde studiet ein kandidatproduksjon på 14, og hadde med dette det høgaste talet mellom dei tre profesjonsinnretta masterutdanningane lokalisert på MCB (fig. 4).

Det har dei siste åra vorte jobba mykje og aktivt med å auke synlegheita til programmet, på nettsider, gjennom sosiale medier, medieoppslag, og også i kraft av at fagleg stab, eksterne veilederer og undervisarar knytta til programmet, samt studentar, promoterer programmet i ulike bransjekontekstar (inkludert Seriedagene som årleg går av stabelen i Oslo).

Norske masterprogram	2018	2019	2020	2021	2022
Masterprogram i sosiologi	55,92	38,24	43,40	44,11	42,17
Masterprogram i administrasjon og organisasjonsvitenskap	51,11	48,45	42,74	48,15	42,28
Masterprogram i sammenliknende politikk	41,74	45,16	41,54	48,75	50,09
Masterprogram i samfunnsøkonomi	48,11	41,46	45,87	42,65	41,60
Masterprogram i informasjonsvitenskap	44,05	50,17	43,12	50,96	45,74
Masterprogram i manusutvikling for serier	39,13	46,67	60,00	46,36	64,29
Masterprogram i medier og kommunikasjon	45,17	54,81	43,37	48,30	46,02
Masterprogram i undersøkende journalistikk	25,38	58,80	38,40	47,00	41,00
Masterprogram i sosialantropologi	40,00	44,35	47,58	42,25	44,66
Masterprogram i geografi	38,43	46,74	57,18	50,51	57,50
Engelskspråklige masterprogram					
Master's Programme in Public Administration	49,68	43,24	41,58	53,95	37,96
Masterprogram i medie- og interaksjonsdesign	34,55	45,71	33,06	56,54	61,50
Masterprogram i Systemdynamikk (Modellbasert samfunnsplanlegging)	42,41	47,50	48,81	46,93	39,60
Master's Programme in Geographies of Sustainable Development	54,29	46,67	48,57	41,54	50,00
Master's Programme in Physical Geography ¹		26,00	47,50	65,00	45,71

Kilde: DBH Studiepoeng per student

Fig. 3. Studiepoeng per student per studieprogram, SV-fakultetet.. Frå "Resultater innen utdanningsfeltet," rapportert til DBH våren 2023, SV-fakultetet

	2018	2019	2020	2021	2022
Institutt for informasjons- og medievitenskap					
Bachelor i film- og tv-produksjon	16	10	1		1
Bachelor i informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT)	12	9	17	20	11
Bachelor i informasjonsvitenskap	48	86	72	85	104
Bachelor i journalistikk (gammel)	11	10	2	2	
Bachelor i journalistikk (ny)		1	17	13	15
Bachelor i kognitiv vitenskap	3	7	19	23	18
Bachelor i medie- og interaksjonsdesign			24	29	28
Bachelor i medier og kommunikasjon				11	55
Bachelor i medievitenskap	28	35	31	33	
Bachelor i nye medier	10	20			
Bachelor i TV-produksjon			20	15	25
Master i informasjonsvitenskap	18	24	13	29	22
Master i manusutvikling for serier		5	10	7	14
Master i medie- og interaksjonsdesign		6	1	12	9
Master i medier og kommunikasjon			5	21	19
Master i medievitenskap	18	19	7		
Master i undersøkende journalistikk		3	1	12	7
Totalt	164	235	240	312	328

Fig. 4. Kandidatproduksjon. Frå "Resultater innen utdanningsfeltet," rapportert til DBH våren 2023, SV-fakultetet

Vurdering av læringsmiljø

Fagansvarleg har sidan studiets oppstart – med unntak av eit studieår i forskingspermisjon – fungert som emneansvarleg på studiet. Dette har omfatta undervisning, veiledning, og ei betydeleg satsing på å hente inn aktive manusforfattarar i tv-bransjen til undervisning, workshops, og veiledning. Ein praksislærer i delstilling har vore ein sentral og avgjerande ressurs, og medverkar til å sikre kontinuitet.

Undersøkelser gjort gjennom studiebarometeret viser at programmet er eit godt likt studieprogram. Med rundt eit dusin studentar er det mogleg å legge til rette for eit tett sammensveisa studiemiljø. Studentane skal dele sjølvskrive materiale med kvarandre, og må lære seg å arbeide kreativt og kritisk saman og kvar for seg, og vi har sett at det utviklar seg profesjonelle relasjonar som bærer over i yrkeslivet etter endt utdanning. Det finnes også ein viss interaksjon på tvers av kull og program. Studentar ved programmet skriv innhald som blir realisert som tv-produksjonar ved BA-programmet i TV-produksjon i løpet av åra dei studerer saman.

Statistikken frå Studiebarometeret (fig. 5) viser at studiet scorer høgt på formidling og undervisning, tilbakemelding og veiledning, samt vurderingsformer, og, før pandemien, også på sosialt og fagleg miljø. Tala for 2021 og 2022 er samanslått, og det er grunn til å tru at den påtvungne isolasjonen pandemien førte med seg for to kull av våre studentar, verka inn på vurderinga av sosialt og fagleg miljø i målingane etter 2019, noko vi som er tilknytta studiet også har erfart i samtalar med studentane. (Kullet som tok til hausten 2022 har ikkje erfart at unntakstilstandar har påverka læringsmiljøet, så kommande målingar vil gi ein indikasjon på kor stor innverknad pandemien hadde på læringsmiljøet). Heilheitsvurderinga - "overordnet tilfredshet med studieprogrammet" - viste for 2021 ein score på 4,9, og for 2022 på 4,8.




Fig. 5. Studiebarometeret, 2019-2022, Undervisning, Tilbakemelding og veiledning fra faglig ansatte, Vurderingsformer, og Læringsmiljø; samanlikning MASV-MAN og gjennomsnittet av alle medie- og informasjonsfag.

Studentinvolvering

Som nemnt over, gjer studenttalet på MASV-MAN det mogleg for fagansvarleg på studiet å kommunisere med studentgruppene regelmessig, både om mindre og større spørsmål knytt til studiets profil og innhald. Vi har følgd opp dette systematisk med anonymiserte evalueringar, og studentane har også vore representert i programråd og i fagutvalg. Vi har erfart at det å spesifikt utforme evalueringsskjema etter studiets særlege innretning har gjort det mogleg for fagansvarleg å følgje opp konkrete innspel frå studenthald. Sidan dette er eit relativt nytt studium, har det vore viktig å systematisk innhente tilbakemeldingar og innspel både frå studentar, men også frå gjestande undervisarar og andre aktørar (meir om dette under). Studentar har vore representert i fagutvalg og i programråd, men dette engasjementet avhenger til ein viss grad av at fagansvarleg har drive litt rekrutteringsarbeid frå kull til kull.

Krav til studietilbudet i Studietilsynsforskriften

System for kvalitetssikring

§ 4-1. Krav til det systematiske kvalitetsarbeidet (3): Institusjonen skal ha ordningar for systematisk å kontrollere at alle studietilbud tilfredsstillar kravene i forskrift om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høgere utdanning og fagskoleutdanning § 3-1 til § 3-4 og kapittel 2 i denne forskrift.

Vi har svært gode erfaringar med å bruke programsensor-rapportar og studentevalueringar som verktøy for kvalitetssikring.

To programsensorar har levert sine rapportar i løpet av studiets levetid: Audun Engelstad, Høgskolen i Innlandet (2016-2020) og Jakob Isak Nielsen, Aarhus Universitet (2021-). Engelstad og seinare Nielsen har blitt forelagt relevant informasjon og dokumentasjon, og har (med unntak av under pandemien) besøkt våre utdanningar, der dei har følgd undervisning, og utført samtalar med tilsette og studentgrupper. Begge har brei erfaring frå utdanningar som liknar vår bachelorutdanning i tv-produksjon og masterutdanning i serieutvikling, noko som har gjort dei i stand til å komme med nyttige perspektiv og innspel i rapportane dei har levert, både med omsyn til pedagogikk og ressursbruk.

Kvart semester har vi innhenta anonymiserte evalueringar frå studentane, både i form av formelle emneevalueringar som er skriftleg nedfelt, men også meir uformelt, om konkrete pedagogiske opplegg, modular, og andre aspekt ved fagets innretning. Det finst fleire døme på at evalueringar har medverka til at vi har gjort konkrete endringar i studieplanar og i undervisningsplanar. Vi har til dømes auka mengden på skriveøvingar ved studiet, etter innspel frå studentane.

Som det kjem fram i programsensors rapportar, er stillingsressursane viktige for kvaliteten på programma. Dei første åra var berre to vitskapleg tilsette direkte knytta til bachelorprogrammet i TV-produksjon og masterprogrammet i serieutvikling, i tillegg til eit knippe praksislærarar i delstilling. Når det no er tre vitskapleg tilsette direkte knytta til programma, med to særleg knytt til bachelorprogrammet, er fagmiljøet betre rusta til å planlegge semesterlange fråverer i samband med forskingspermisjonar.

Masterstudiet har sidan oppstarten gjort bruk av eksterne manusforfattarar som rettleiarar på emnet, og evalueringane frå studenthald viser at dette er svært viktig for studiets faglege legitimitet og bransjerelevans. Med to rettleiarar, der den eine er tilknytt staben ved instituttet, er både den skrivefaglege og akademiske kvaliteten på oppgåvene teken vare på.

Studieplan

§ 2-1. Forutsetninger for akkreditering (2): Informasjon om studietilbudet skal være korrekt, vise studiets innhold, oppbygging og progresjon samt muligheter for studentutveksling.

Studiet er skildra på <https://www.uib.no/studier/MASV-MAN>. Denne sida, som omtalar studiet for potensielle søkjarar, er eit viktig verktøy for oss når det kjem til studentrekruttering, og vi gjer stadig endringar. Ei studentgruppe ved TV-produksjon laga ein informasjonsvideo, og i tillegg har vi tilført element som er viktige for å informere om studiet frå år til år: intervju med tidlegare studentar, og saker som vedrører prestasjonar til studentar og alumni, samt saker om prominente forfattarar som har gjesta studiet.

Oppdaterte og detaljerte planar for studiets første år (<https://www.uib.no/emne/MAN301> og <https://www.uib.no/emne/MAN302>), samt for studiets andre år (<https://www.uib.no/emne/MAN350>) skildrar mål og innhald, læringsutbytte, arbeids- og undervisningsformer, samt vurderingsformer.

Fagansvarleg vurderer informasjonen som kjem fram på desse emnesidene som god, og i tråd med studiets innhald, oppbygging og progresjon, og at krava i § 2-1 er oppfylt.

Læringsutbytte og infrastruktur

§ 2-2. Krav til studietilbudet (1): Læringsutbyttet for studietilbudet skal beskrives i samsvar med Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring, og studietilbudet skal ha et dekkende navn.

§ 2-2. Krav til studietilbudet (4): Studietilbudets oppbygging og infrastruktur skal være tilpasset læringsutbyttet for studietilbudet.

Læringsutbytteskildringane i programmet (<https://www.uib.no/studier/MASV-MAN/plan>) speglar nivået og innhaldet slik det er skildra i NKR når det gjeld kunnskap, dugleikar, og generell kompetanse.

Masterprogrammet i manusutvikling for seriar er ei yrkesretta utdanning som først og framst har som formål å øve opp praktiske og handverksmessige ferdigheiter, samstundes som at desse er forankra i ulike akademiske perspektiv (både av historisk, teoretisk og analytisk art). Studiet er bygd opp rundt store emne med modular, der innhaldet til ein viss grad kan endre innretning frå år til år. Kunnskapar, ferdigheiter og kompetanse som er skildra i studieplanar og emneskildringar er likevel forankra i fastspikra pedagogiske aktiviteter: workshops med skriveøvingar, individuell rettleiing, samarbeid i skriverom, utplassering, og skriving av masteroppgåve. Første semester består av eit introduserande emne, andre semester av eit fordjupningsemne, og det andre året er studentane utplassert i ulike mediebedrifter og produksjonsselskap, og skriv sine masteroppgåver – ein struktur som reflekterer progresjonen i studiet. Lokaliseringa i Media City Bergen er viktig, både sidan ein er tett på ulike produksjonsfasiliteter, men i like stor grad fordi ein befinn seg i same bygning som aktørar som TV2 og NRK Vestland.

Undervisningsformer og vurderingsformer

§ 2-2. Krav til studietilbudet (5): Undervisnings-, lærings- og vurderingsformer skal være tilpasset læringsutbyttet for studietilbudet. Det skal legges til rette for at studenten kan ta en aktiv rolle i læringsprosessen.

Undervisninga på MASV-MAN er i stor grad dynamisk og interaktiv, med nokre få innslag av tradisjonelle akademiske undervisningsformer som forelesningar, i tråd med normen på utdanningar av dette slaget. I **workshops** ved gjestande forfattarar med ekspertise og erfaring, eller ved praksislærar eller stab, er innramminga teoretisk og analytisk, gjerne med ei tematisk innleiing, medan aktivitetane er av praktisk art, med skriveøvingar, tilbakemeldingar, og diskusjon. I tillegg er **individuell veiledning** viktig for studiet, for det å lære å utvikle prosjekt og å skrive krev oppfølging av kvar enkelt student. Graden av studentaktiv læring er dermed høg. **Forelesningar** tek ofte opp tradisjonar og historie, med fokus på bestemte verktøy og verkemiddel, og ulike dramaturgiske nøkkelbegrep. I **lesesirklar** går vi inn i bestemte manus i grupper. Sidan dette er ei profesjonsretta utdanning, har vi ei rekkje bransjerelevante element, til dømes **pitche-sesjonar**, der studentane lærer seg å presentere prosjekta sine for interessantar. På andre året er også studentane i **utplassering**, der dei tileignar seg ein type erfaring og innsikt ein berre kan få på ein arbeidsplass.

Det at studentgruppene ikkje er for store gjer at vi kan leggje til rette for tette diskusjonar av skrivearbeid i seminarrommet, og her er gevinsten stor. Etter at studentane har lært kvarandre å kjenne, brukar dei kvarandre som lesarar og rådgivarar, i faglege vurderingar dei berre blir betre og betre rusta til å kunne føreta seg. I andre semester samarbeider dei i **skriverom**, der dei utviklar og skriv eit prosjekt i tråd med ei konkret bestilling.

Studentane lærer å lage prosjektmapper etter det som er rådande standard i tv- og filmbransjen, med element som utover manus rommar projektskisser, karakterskisser, episodesamandrag, og liknande. Med kvar manusfaglege levering skal dei også skrive refleksjonsnotat, ein sær eigen sjanger for praktisk orienterte medieutdanningar, der studenten mobiliserer faglege innsikter i ei drøfting av sitt eige skrivearbeid. Her blir det gjort greie for ulike skrivefaglege valg studenten har gjort, gjerne med referanse til undervisning, veiledning, og andre faglege ressursar, bl.a. litteratur, enten frå emnets litteraturliste, eller artiklar og bøker studenten har funne vegen til sjølv.

Manuskomponenten og refleksjonskomponenten vert vurdert samla i ei mappevurdering, sidan det ikkje gir mening å setje separate karakterar på desse arbeida, som gjer krav på ei heilskapleg vurdering.

Sjølv om masteroppgåvene er like i innretning og utforming, er variasjonen stor mellom prosjekta, alt etter kva slags sjanger, stil og tradisjon studenten rettar seg inn mot. Dette gjer at det er vanskeleg å utforme for detaljerte sensorveiledningar, og vurderingskriteria varierer noko, avhengig av kva slags prosjekt det dreier seg om. Kvalitetsvurderinga av det manusfaglege byggjer rundt nøkkelbegrepa i studieplanane, der dramaturgiske nøkkelbegrep utgjer byggeklossar: karakter, scene, univers, dialog, og så bortetter. Denne variasjonen til tross, opplever ikkje fagansvarleg at sensuren har vore prega av meir dissens enn det som er vanleg i vurderinga av meir tradisjonelle akademiske oppgåver.

Skriveprosjekta studentane utviklar i løpet av studiet utgjer til slutt ein **portfolio** dei kan ta med seg ut til møte med bransjen. Tilbakemeldingane vi har fått frå aktørar som NRK og Vestnorsk filmsenter er at dei som har gått på studiet vårt har fått god forståing for kva ein projektsøknad bør innehalde, og korleis han skal vere sett saman.

Undervisnings-, lærings- og vurderingsformene har vore dei same sidan studiet vart stifta. Dei endringane vi har gjort har dreidd seg om balansen mellom dei. Vi har gått bort frå

karaktergiving ved utgangen av det første studieåret, sidan vi såg at det var meir tenleg for studiet å operere med bestått/ikkje bestått fram til at masteroppgåvene skal bli vurderte. Vi har auka talet på skriveøvingar, sidan vi ser at dei pedagogiske og faglege gevinstante som fører med slik mengdetrening er god. Vi har endra innretninga på leveringa i første semester, slik at studentane utviklar ei prosjektmappe i staden for eit mindre serieprosjekt, då vi erfarer at det utgjør ein betre inngang til studiet. Vi skal redusere omfanget på masteroppgåvene noko, sidan dei i tekstmengd har hatt eit langt større omfang enn det som er normen for masteroppgåver, og sidan vi ønskjer å gi utplasseringa i tredje semester større plass, i tråd med det samla læringsutbyttet.

Fagleg innhald

§ 2-2. Krav til studietilbudet (2): Studietilbudet skal være faglig oppdatert og ha tydelig relevans for vidare studier og/eller arbeidsliv.

Krav til akkreditering i Forskrift om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høgere utdanning og fagskoleutdanning § 3-2. Akkreditering av mastergradsstudier (1) Mastergradstudiet skal være definert og avgrenset og ha tilstrekkelig faglig bredde.

Då BA-programmet i TV-produksjon og MA-programmet i manusutvikling vart planlagt og utarbeidd, fann det stad mange samtalar med ulike medieselskap om kva for kompetanse ein såg føre seg ville bli etterspurt i åra som kom. Tilbakemeldinga tilsa at ein ønskte seg kunnskapsutvikling innanfor det konseptuelle – at institusjonen skulle skjerpe og spisse kompetanse innanfor utvikling av innhaldsproduksjon.

Bransjenærheita har vore sentral ikkje berre for utviklinga av programmet MASV-MAN, men også for måten vi driv studiet på. Forfatarane vi har knytt til oss som gjesteforelesere er alle aktive, og fleire gonger har vi hatt undervisarar som er aktuelle med program som går på TV (*Lykkeland, Makta, Pørni*, m.m.). Vi er også i tett dialog med fleire fagmiljø i tv-bransjen, inkludert produksjonsselskap studentane blir utplassert i, og NRK, som to gonger årleg sender sin dramasjef til oss for å høyre studentane presentere sine prosjekt.

Studiebarometerets statistikkar viser at studentane opplever studiet som høgst bransjerelevant. Den vedvarande og aukande kontakten med bransjen gjer at studiet er relevant og oppdatert med tanke på kunnskapsutvikling i mediefeltet.

Arbeidsomfang

§ 2-2. Krav til studietilbudet (3): Studietilbudets samlede arbeidsomfang skal være på 1500-1800 timer per år for heltidsstudier.

Studiet vekslar mellom undervisningsintensive periodar, og periodar sett av til skrivetid. Kvar skriveperiode vert avrunda med ei innlevering av prosjektet slik det står per dato, etterfølgt av veiledningsrundar. Tilbakemeldingane frå studentane tyder på at arbeidsmengden er i tråd med dei forventningane studentane har til eit fulltidsstudium. I periodar sett av til skrivetid er studenten sjølv ansvarleg for sin eigen framgang, men om det av ulike grunnar er utfordringar knytta til skriveprosessen vert dette fort avdekt, sidan vi opererer med hyppige innleveringar på studiet.

I dei undervisningsintensive periodane er det undervisning og/eller skriveøvingar kvar dag. For at studentane skal finne tid til den konsentrerte fordjupninga som er nødvendig for å utvikle og fullføre eit prosjekt, er det difor viktig å verne om skrivetid. Her har vi funne ein

fin balanse ved studiet. Det kan vere utfordrande at studentar som har ulik kapasitet følgjer same progresjonsplan, men dette har vi funne løysningar på, ved at vi tek høgde for at dei kan befinne seg på ulike stadier i ein prosess. Mengden med individuell veiledning garanterer at vi kan følgje opp kvar enkelt slik det passar best.

I andre semester på studiet vert leveransen større, med både kollektiv tekstproduksjon i skriverom, og eit større skriveprosjekt – ein full episode med tilhørande prosjektmappe vert skriven i løpet våren.

Ei større studieplansendring har blitt gjort i 2023 (med verknad i andre studieår for kullet som vart teke opp i august 2023, altså 2024-2025), då vi fann ut at vi ville auke omfanget på utplasseringa i tredje semester, og avgrense omfanget på masteroppgåvene. Denne justeringa av balansen mellom desse elementa – utplassering og oppgåve – vert utført av fleire årsaker. Utplasseringa, som etter nokre år skjer i eit breitt tilfang av produksjonsselskap, fleire av dei i Oslo, har fått ein endå viktigare plass på studiet, og vert opplevt av studentane som eit sentralt element, som ofte fortener meir enn dei fire-seks vekene som tradisjonelt har vorte sett av til formålet. Oppgåvene har, med to fulle episodemanus, vist seg å vere for stor i forhold til den tida studentane har til rådighet – slik er signala frå både studentar, veiledere, sensorar, og bransje. Ei justering av tekstomfanget på oppgåvene, utan å redusere grunninnretninga på dei, er også eit ressursbesparande tiltak, som likevel ikkje går på bekostning av det totale læringsutbyttet.

Kobling til forskning

§ 2-2. Krav til studietilbudet (6): Studietilbudet skal ha relevant kobling til forskning og/eller kunstnerisk utviklingsarbeid og faglig utviklingsarbeid.

Undervisarane frå vitskapleg stab er meritterte forskarar med mange internasjonale publikasjonar, og der det er relevant vert undervisninga knytta til aktuell forskningslitteratur og ferske eksempel. I tillegg til forskinga har fagansvarleg ein bakgrunn som skjønnlitterær forfattar, og gjer bruk av den tilhøyrande kompetansen i både skriveworkshops, skriveøvingar, og veiledning. Denne doble bakgrunnen i det vitskaplege og det kunstnarlege vert opplevt som viktig av studentane, og har spela ei viss rolle i nettverksdanninga rundt studiet; det har medverka til å gjere det lettare å få forfattarar på besøk.

Internasjonalisering

§ 2-2. Krav til studietilbudet (7): Studietilbudet skal ha ordningar for internasjonalisering som er tilpassa studietilbudets nivå, omfang og egenart.

§ 2-2. Krav til studietilbudet (8): Studietilbud som fører fram til en grad, skal ha ordninger for internasjonal studentutveksling. Innholdet i utvekslingen skal være faglig relevant.

Studieplanen opnar for utplassering i utanlandske produksjonsselskap for studentar som ønskjer det. Det er også mogleg for studentar å søkje seg til utanlandsopphald i andre studieår, men hittil har ingen ønskt dette.

Praksis

§ 2-2. Krav til studietilbudet (9): For studietilbud med praksis skal det foreligge praksisavtale mellom institusjon og praksissted.

§ 2-3. *Krav til studietilbudet (7): For studietilbud med obligatorisk praksis skal fagmiljøet tilknyttet studietilbudet ha relevant og oppdatert kunnskap fra praksisfeltet. Institusjonen må sikre at praksisveilederne har relevant kompetanse og erfaring fra praksisfeltet.*

Studentane på MASV-MAN er utplasserte i tredje semester.

I studiets tidlege leveår var det fagansvarleg og praksislærarar som tilrettela utplasseringa, og dette var eit omfattande arbeid som bl.a. innebar ein del møteverksemd. Etter at ein bransjekoordinator vart tilsett ved instituttet, har utplasseringsmodulen vorte teke vare på av denne, og det har hatt stor betydning for masterstudiet i manusutvikling.

I samarbeid med fagansvarleg har koordinatoren fått laga ein "forfattarkatolog" som vert sendt ut til bransjekontakter. Prosessen med å organisere utplassering har gått inn i eit årshjul, og kvar enkelt student vert følgt opp. Hausten 2023 har vore eit gjennombrøt for utplasseringsmodulen, med studentar utplassert i fleire produksjonsselskap i Oslo. Tilbakemeldingane har vore svært gode frå studentar og frå bransje. Dette kan vi lese ut frå rapportane studentane leverer ved endt opphald, og frå kommunikasjonen med bransje. Hausten 2023 reiste bransjekoordinator til Seriedagene i Oslo, som er den primære møteplassen for alle som er involvert i serieproduksjon/dramaproduksjon i Norge, og hadde ei rekkje møter der, inkl. besøk i bedrifter der studentane var utplassert. Denne vedvarande kontaktpleien er av stor verdi for studiet, og medverkar til studiets høge score når det kjem til bransjerelevanse i Studiebarometeret.

Krav til fagmiljø i Studietilsynsforskriften

Studietilsynsforskriftens kapittel 2, Akkreditering av studietilbud, § 2-3. Krav til fagmiljø

Fagmiljøets størrelse

§ 2-3 Krav til fagmiljø (1): Fagmiljøet tilknyttet studietilbudet skal ha en størrelse som står i forhold til antall studenter og studiets egenart, være kompetansemessig stabilt over tid og ha en sammensetning som dekker de fag og emner som inngår i studietilbudet.

§ 2-3 Krav til fagmiljø (4): Minst 50 prosent av årsverkene tilknyttet studietilbudet skal utgjøres av ansatte i hovedstilling ved institusjonen. Av disse skal det være ansatte med førstestillingskompetanse i de sentrale delene av studietilbudet. I tillegg gjelder følgende krav til fagmiljøets kompetansenivå:

- a) For studietilbud på bachelorgradsnivå skal fagmiljøet tilknyttet studiet bestå av minst 20 prosent ansatte med førstestillingskompetanse.*
- b) For studietilbud på mastergradsnivå skal 50 prosent av fagmiljøet tilknyttet studiet bestå av ansatte med førstestillingskompetanse, hvorav minst 10 prosent med professor- eller dosentkompetanse.*
- c) For studietilbud på doktorgradsnivå skal fagmiljøet tilknyttet studiet bestå av ansatte med førstestillingskompetanse, hvorav minst 50 prosent med professor- eller dosentkompetanse.*

For mastergradsstudier: § 3-2 Akkreditering av mastergradsstudier i Forskrift om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høyere utdanning og fagskoleutdanning

(2) Mastergradsstudiet skal ha et bredt og stabilt fagmiljø som består av tilstrekkelig antall ansatte med høy faglig kompetanse innenfor utdanning, forskning eller kunstnerisk utviklingsarbeid og faglig utviklingsarbeid innenfor studietilbudet. Fagmiljøet skal dekke fag og emner som studietilbudet består av. De ansatte i fagmiljøet skal ha relevant kompetanse.

(3) Fagmiljøet skal kunne vise til dokumenterte resultater på høyt nivå og resultater fra samarbeid med andre fagmiljøer nasjonalt og internasjonalt. Institusjonens vurderinger skal dokumenteres slik at NOKUT kan bruke dem i arbeidet sitt.

Den vitenskaplege staben ved Institutt for informasjons- og medievitenskap på følgjer Det samfunnsvitenskaplege fakultetets budsjettmodell, som er dimensjonert for at fagmiljøa skal kunne gi undervisningstilbod på alle nivå.

Samla har BA-programmet i TV-produksjon og MA-programmet i manusutvikling no tre fast tilsette knytta til programmet, der fagansvarleg for MA-programmet er ein av desse. Ein praksislærer har vore knytt til studiet sidan andre året vi har drive det, som undervisar og veileder, i fast delstilling (med varierende stillingsprosent avhengig av veiledningsmengd og andre eksterne oppdrag i bransjen), ein ressurs som er avgjerande for å kunne drive studiet.

Ved oppstart var fagansvarleg usikker på om vi kunne tiltrekkje oss gjesteforelesere frå bransjen i den grad vi ønskte, sidan honorarsatsane våre ikkje kan konkurrere med dei som er rådande i bransjen. Det same gjaldt bruken av eksterne veiledere, som er heilt fundamental for studiets rennommé – studentane sitt største skrivearbeid ved studiet vert utført i jamn dialog med forfattarar som har brei erfaring med kreativ skrivning. Det har ikkje vist seg å vere vanskeleg å få forfattarar til både å undervise og å veilede, og studiets tilgang til prominente forfattarnamn med store pedagogiske og faglege ferdigheiter sikrar kvaliteten, og er kanskje vårt sterkaste kort når vi skal promotere studiet. Fagansvarleg har hatt eit eige budsjett å forholde seg til kvart semester, som set grenser for omfanget på bruken av eksterne ressursar.

Ein PhD-kandidat ved instituttet har bakgrunn som manusforfattar og har studert på MAN-MASV, og utgjer ein undervisningsressurs i perioden ho er tilknytta oss som stipendiat.

Fagmiljøets utdanningsfaglige kompetanse

§ 2-3. Krav til fagmiljø (2): Fagmiljøet tilknyttet studietilbudet skal ha relevant utdanningsfaglig kompetanse

I vitenskaplege tilsetjingar legg instituttet UiBs regeleverk om utdanningsfagleg kompetanse til grunn.

Praksislærarar, gjesteforelesere og veiledere, som utgjer eksterne ressursar vi knytter til oss på studiet, finst ikkje i SV-fakultetets stillingsbeskrivelser. Ulikt ved kunstfaglege utdanningar ligg det ikkje til rette for tilsetjing av førsteamanuensis eller professor på grunnlag av praktisk erfaring og kompetanse.

Fagansvarleg tilsett i professorstilling har i tillegg til vitenskapleg kompetanse ein kunstnarleg produksjon bak seg, og dermed ein kombinert kompetanse som er relevant for dette studiets innretning.

Faglig leiing

§ 2-3. Krav til fagmiljø (3): Studietilbudet skal ha en tydelig faglig ledelse med et definert ansvar for kvalitetssikring og -utvikling av studiet.

Fagansvarleg leiar MASV-MAN, og sit i Programrådet, som i perioden 2021-2023 har vore felles for TV-produksjon, manusutvikling, og journalistikk. For 2024 og framover er det gjort framlegg om å opprette eit eige programråd for TV-produksjon/manusutvikling, og eit for journalistikk, men dette er i skrivande stund ei sak under behandling ved instituttet. Programråda er rådgivande og saksførebuande organ for institutt og leiargruppe i saker som

vedkjem undervisning, fagutvikling, evaluering, læringsmiljø, og studiekvalitet, med månedlege møter.

Fagmiljøets fagspesifikke kompetanse

§ 2-3 (5): Fagmiljøet tilknyttet studietilbudet skal drive forskning og/eller kunstnerisk utviklingsarbeid og faglig utviklingsarbeid og skal kunne vise til dokumenterte resultater med en kvalitet og et omfang som er tilfredsstillende for studietilbudets innhold og nivå.

Dei tre vitenskapleg tilsette ved BASV-TVP og MASV-MAN er tilknytt forskingsgruppa for film, fjernsyn og visuell kultur, og har fagspesifikk kompetanse på felt som står sentralt i studieprogramma: TV-seriar, produksjonsstudier, screenwriting research/kreativ skriving/manusutvikling, filmhistorie, tekstanalyse, filmteori, og visuell kultur. Fagansvarleg ved MASV-MAN har altså også ein kunstnarleg produksjon å vise til.

Sidan studiet oppstart i 2017 har MAN-MASV med åras løp knytta til seg ein portfolio av forfattarar som fungerer som undervisarar, veiledere, og sensorar, og ca halvparten av desse har fungert i alle desse tre rollene. Vi har dermed etablert eit fagmiljø ved studiet som sikrar kontinuitet. Forfattarane som vi knyttar til oss har handverksmessig spesialkompetanse, og denne er av avgjerande betydning for studentane sitt praktiske arbeid.

Internasjonalt og nasjonalt samarbeid

§ 2-3 (6): Fagmiljøet tilknyttet studietilbud som fører fram til en grad, skal delta aktivt i nasjonale og internasjonale samarbeid og nettverk som er relevante for studietilbudet.

Fagansvarleg ved studiet presenterer forskning og er del av relevante forskingsnettverk, f. eks. med presentasjonar på Screenwriting Research Networks konferansar, der også andre vitenskapleg tilsette tilknytt fagmiljøet har presentert si forskning. Fagansvarleg er også med i redaksjonen til det vitenskaplege tidsskriftet Journal of Visual Culture (Sage). Fagansvarleg er også veileder for PhD-kandidaten som underviser ved MAN-MASV og BASV-TVP under sitt pliktarbeid, og som har eit forskingsprosjekt som er av stor fagleg interesse for studiet.

Den framtrekande medie- og tv-forskaren John Ellis var tilknytt instituttet som professor II i perioden 1.8.2016-31.7.2018, og spela ei sentral rolle i MCB-prosjektet ved oppstart.

Programmet har ikkje generert eigne forskingsprosjekt, men fagansvarleg ved MASV-MAN var i perioden 2015-2019 tilknytt ViSmedia-prosjektet, finansiert av NFR-programmet SAMANSVAR, og prosjektsøknader har vore og er under utvikling.

MASV-MAN samarbeider med eit spekter av relevante bransjeaktørar, inkl. NRK, TV2, Vestnorsk Filmsenter, BIFF, og ei rekkje produksjonsselskap med forankring i Bergen og Oslo.

Vedlegg 1: Lenke til 3-årig emneevalueringer, egenvurderinger og eksterne fagfelleevalueringer

Lenke til Institutt for Informasjons- og medievitenskap i studiekvalitetsbasen:

<https://kvalitetsbasen.app.uib.no/?year=2022&faknr=15&instnr=17>

3-årige emneevalueringer og egenvurderinger finnes under «Emne» på Institutt for Informasjons- og medievitenskap i studiekvalitetsbasen.

Eksterne fagfelleevalueringer finnes under «Studieprogram» på Institutt for Informasjons- og medievitenskap i studiekvalitetsbasen.

Vedlegg 2: Studieplan

Studieplan for MASV-MAN Manusutvikling for seriar, master, 2 år, haust 2023

Namn på grad

Mastergrad i manusutvikling for seriar

Omfang og studiepoeng

120 studiepoeng

Fulltid/deltid

Fulltid

Undervisningsspråk

Norsk

Mål og innhald

Masterprogrammet i manusutvikling for seriar er ei spesialisert utdanning i manusskriving for serieformat, det vil seie forteljingar som er stykka opp i episodar, på høgste nivå. Det inkluderer fiksjonsseriar for tv (både drama og komedie), dokumentarseriar og webseriar. Studiet skal styrke studentane sine teoretiske, historiske og analytiske dugleikar om ulike serieformat samt gjere dei i stand til sjølvstendig å utvikle idear og manus for slike produksjonar.

Masterprogrammet i manusutvikling for seriar byggjer på bachelorgraden i tv-produksjon. Studiet legg vekt på vekselverknadene mellom teoretisk og praktisk kunnskap. Den handverksmessige kompetansen er forankra i akademisk kunnskap om forteljingar, sjangrar, tekstanalyse, film- og tv-historie, kreativitetsstudiar og produksjonsstudiar.

Masterprosjektet går ut på å utvikle manus til ein dokumentarserie eller ein fiksjonsserie, med ein tilhøyrande produksjonsrapport som reflekterer over det praktiske arbeidet. Studiet er undervisningsintensivt, med tett oppfølging frå fagleg stab, praksislærarar og høgt kvalifiserte gjesteforelesarar. Det er eit heiltidsstudium, og det er ei føresetjing at studentane har høve til å ta aktivt del i undervisning/seminar/diskusjonar/tilbakemelding. Undervisninga er lokalisert i Media City Bergen.

Læringsutbyte

Ein kandidat med fullført kvalifikasjon skal ha følgjande totale læringsutbyte definert i kunnskapar, dugleikar og generell kompetanse:

Kunnskap

Kandidaten

- har avansert teoretisk, historisk og analytisk kunnskap om ulike typar serieformat.
- har spesialisert kunnskap om koreleis ein finn og dyrkar fram idear og konsept for seriar
- har spesialisert kunnskap om dramaturgiske konvensjonar og prinsipp
- kan anvenda kunnskap på nye område innanfor manusutvikling
- har spesialisert kunnskap om manusprosessar og arbeidsmetodar i serieutvikling
- har yrkesrelevant kunnskap om korleis tv-industrien fungerer
- har kunnskap om manusforfattarens rolle under innspelinga av ein serieproduksjon

Dugleikar

Kandidaten

- kan skriva profesjonelt for serieproduksjonar
- har spesialiserte dugleikar i å nytta dokumentariske seriar eller fiksjonsseriar til å formidla ein bodskap
- kan aktivisera teoretiske og analytiske innsikter i eigen manusskriving
- har avanserte ferdigheiter når det gjeld å presentera og selja inn seriekonsept for bransjen (pitching)
- kan kritisk analysa og utnytta faglitteratur og andre informasjonskjelder anvende desse til å strukturera og formulera faglege resonnement om manusutvikling som handtverk
- kan arbeida sjølvstendig med praktisk og teoretisk problemløysing knytt til manusutvikling
- kan nytte relevante metodar for forskning og fagleg/kunstnarleg utviklingsarbeid på ein sjølvstendig måte

Generell kompetanse

Kandidaten

- kan analysa relevante fag-, yrkes- og forskningsetiske problemstillingar knytt til manusutvikling

- kan anvenda sine kunnskapar og ferdigheiter innan manusutvikling på nye tema og plattformer for å gjennomføra avanserte arbeidsoppgåver og prosjekt
- har kompetanse til å hurtig setje seg inn i nye problemstillingar og ny fagkunnskap innanfor manusutvikling
- kan formidla omfattande sjølvstendig arbeid og meistrar fagområdets uttrykksformer
- kan kommunisera om faglege problemstillingar, analyser og konklusjonar innanfor manusutvikling, både med spesialistar og til ålmenta
- kan bidra til nytenking om manusutvikling

Opptakskrav

Du kan kvalifisere til opptak til masterprogram i manusutvikling for seriar anten med **fagleg relevant utdanning** eller på grunnlag av **arbeidsprøve**. Opptakskvota er 50/50. Søker du på begge kvotene, må du nemne dette i motivasjonsbrevet. Du vil då bli vurdert ut frå det opptaksgrunnlaget som er mest gunstig for deg.

Søkarar med fagrelevant bachelorgrad

Bachelorgradar frå UiB som kvalifiserer:

- Film- og TV-produksjon
- TV-produksjon

Eksterne bachelorgradar som kvalifiserer:

- Andre bachelorgradar kan kvalifisere dersom du har 80-100 studiepoeng innan film/TV, manus, forfattarstudium eller andre kreative skriveutdanningar.

Du må ha snittkarakter på minimum C i emna du får opptak på grunnlag av.

Søkarar utan fagrelevant bachelorgrad

Søkarar utan fagrelevant bachelorgrad kan bli vurderte på grunnlag av arbeidsprøve og motivasjonsbrev. Då treng du:

- Bachelorgrad (treng ikkje vere fagrelevant)
- Arbeidsprøve (maks femti A4-sider)
- Motivasjonsbrev (maks to A4-sider)

Les meir om krav til [arbeidsprøve og motivasjonsbrev](#).

Alle søkarar må også ha (generelle opptakskrav):

- Snittkarakter på minimum C (3,0) i den faglege fordjupinga i bachelorgraden.
- Språkkrava i både norsk og engelsk for dette studieprogrammet dekker du med [generell studiekompetanse](#), anten på grunnlag av norsk vidaregåande skule eller på annan måte.

Obligatoriske emne

- [MAN301](#) Introduksjon til manusutvikling for seriar (30 sp)
- [MAN302](#) Fordjuping i manusutvikling for seriar (30 sp)
- [MAN350](#) Utplassing og masteroppgåve (30 sp)

Rekkefølge for emne i studiet

- 1.semester: [MAN301](#) Introduksjon til manusutvikling for seriar (30 sp)
- 2.semester: [MAN302](#) Fordjuping i manusutvikling for seriar (30 sp)
- 3. og 4. semester: [MAN350](#) Utplassing og masteroppgåve (60 sp)

Arbeids- og undervisningsformer

Undervisninga vil normalt bestå av seminar, workshops, rettleiing og gruppearbeid i kombinasjon med tilbakemelding på skriftleg og praktisk arbeid.

Vurderingsformer

Det vert nytta deleksamenar dei to første semestera. Dei to siste semestra er sett av til masteroppgåve.

Karakterskala

Karakterar ved Universitetet i Bergen blir gitte anten

1. som 'Bestått' eller 'Ikkje bestått', eller
2. som ein bokstav etter skalaen A, B, C, D, E, F, der F er stryk.

Vitnemål og vitnemålstillegg

Vitnemål blir skrive ut etter at graden er fullført.

Grunnlag for vidare studium

Studiet kvalifiserer til ph.d.-studium i medievitenskap og beslekta fagfelt.

Relevans for arbeidsliv

Ein mastergrad i manusutvikling for seriar kvalifiserer studentane til manusarbeid på dokumentar- eller fiksjonsproduksjonar for TV, web eller film, både i store organisasjonar og som sjølvstendige entreprenørar. Ein mastergrad i manusutvikling for seriar kvalifiserer òg for forskning og undervising innan medievitenskap og medieproduksjon.

Evaluering

Bachelorprogrammet blir kontinuerleg evaluert i tråd med retningslinene for kvalitetssikring ved UiB. Emne- og programevalueringar finn ein på kvalitetsbasen.uib.no

Programansvarleg

Programstyret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet.

Administrativt ansvarleg

Det samfunnsvitenskapelige fakultet v/ Institutt for informasjons- og medievitenskap har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.

Kontaktinformasjon

studierettleiar.praktiskinfomedia@uib.no